

Regional organisering

Alle deltakarar i Mentorordninga i landbruket vert tilknytte ein regionkontakt i NLR. Ved start får dei opplæring i kva opplegget går ut på og kva det vil seie å vere/ha mentor. Opplæringa skjer regionvis, der nye bønder, mentorar og regionkontaktar i NLR møtes.

Regionkontakter for Mentorordninga i landbruket

Nord-Norge: Sunniva Løwø, 907 10 019, sunniva.lowo@nlr.no

Trøndelag: Torhild Svisdal Mjøen, 955 57 932, torhild.svisdal.mjoen@nlr.no

Møre og Romsdal: Gunn Randi Fosslund, 958 74 243, gunn.randi.fosslund@nlr.no

Vestland: Leif Trygve Berge, 982 45 839, leif.trygve.berge@nlr.no

Rogaland: Lene Marie Hustveit, 475 03 310, lene.marie.hustveit@nlr.no

Agder: Knut Sigurd Haugå, 913 60 016, knut.sigurd.hauga@nlr.no

Buskerud og Telemark: Arne Nøkland, 948 08 749, arne.nokland@nlr.no

Vestfold: Knut Olav Omholt, 922 00 180, knut.olav.omholt@nlr.no

Østfold og Akershus: Ole Henrik Lauritzen, 481 63 087, ole.henrik.lauritzen@nlr.no

Innlandet: Torgeir Tronslien, 913 79 129, torgeir.tronslien@nlr.no

Prosjektleder: Mette Feten, 957 52 236, mette.feten@nlr.no

Foto på framsida: Magnus Endsjø (til venstre) i Ski får gode tips om grovfôrproduksjon av sin mentor Einar Kiserud frå Spydeberg. (Foto: Tun Byrå)

Les meir om Mentorordninga i landbruket og søk på nlr.no/mentor

Ny som bonde? Få din eigen mentor for ein god start!



Mentorordninga i landbruket

Mentorordninga i landbruket inneber at du som er ny bonde gjer ei formell avtale med ein erfaren kollega om å vere diskusjonspartner i drifta gjennom eitt år. Tilbodet omfattar alle produksjonar, også Inn på tunet, lokal foredling med meir. Søknadsfrist er 1. desember 2024 for å delta i 2025.



- Vi har mange nyttige diskusjonar, og eg liker dei ærlege tilbake-meldingane eg får frå mentoren min, Erland Lundebø, seier Ole Magnus Lillestrand (til høgre) i Askim. (Foto: Tun Byrå)

Gratis tilbod til nye bønder

Etter eit treårig, vellukka prøveprosjekt i Trøndelag, Vestland, Agder og Innlandet, vart Mentorordninga i landbruket landsdekkande i 2020. I 2021 deltok 131 nye bønder frå heile landet, i 2022 var talet 136, og i 2023 deltok 145 ferske bønder. Målet er å få med enda fleire framover.

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) har ansvar for ordninga i samarbeid med Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Innovasjon Norge regionalt. Det blir gjeve økonomisk støtte over jordbruksavtalen.

Ny bonde og mentor inngår ei formell avtale om kommunikasjon og møter gjennom eitt år. Mentor får godtgjering for arbeidet. Tilbodet er gratis for ny bonde.

- Mentorordninga har fungert veldig godt. Mange har nytta seg av tilbodet og hatt stort utbytte av å delta. Dette er eit gjennomarbeida opplegg med opplæring av mentorar, samlingar og oppfølging gjennom året, seier Mette Feten som er ansvarleg for ordninga i NLR. Ho meiner det er eit godt tilbod til alle som er nye i landbruket, og oppmodar alle ferske bønder til å søkje.

- Du får gode, praktiske råd frå ein erfaren bonde. Av og til kan det vere vanskeleg å spørje ein nabo eller kollega om råd igjen og igjen. Då er det lettare med fast mentor som får godtgjersle, seier Feten.



Ho oppmodar òg erfarne bønder til å melde seg som mentorar.

- Vi treng fleire dyktige bønder som kan dele av sin kompetanse, seier Mette Feten.

**Trur du dette kan være noko for deg?
Søk før 1. desember!**

Skann QR-koda med mobilkameraet ditt og les om nokre av dei som har vore med i mentorordninga på nlr.no/mentor. Der finn du òg søknadskjema.



Les om mentorordninga